

# Forskrift om politivedtekt, Øygarden kommune

Innholdsfortegnelse:

Forskrift om politivedtekt, Øygarden kommune.....	1
Innholdsfortegnelse:.....	1
Kapittel 1. Allmenne føresegner .....	1
Kapittel 2. Orden på offentlig stad.....	2
Kapittel 3. Sikring av ferdsla .....	3
Kapittel 4. Reinhold på offentlig stad .....	4
Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising .....	4
Kapittel 6. Offentlege anlegg .....	5
Kapittel 7. Arrangement på offentlig stad.....	5
Kapittel 9. Ymse føresegner .....	6

## Kapittel 1. Allmenne føresegner

### **§ 1-1. Offentleg stad**

Med offentlig stad er det meint gate, veg, fortau, sti, medrekna gang- og sykkelveg, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller annan stad der det er allmenn ferdsle eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

### **§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn**

Dei plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leigar eller styrer eigedomen.

## **Kapittel 2. Orden på offentlig stad**

### **§ 2-1. Ro og orden på offentlig stad**

På eller like attmed ein offentlig stad må ingen vere med i oppløp, samanstimling, larm eller bråk som uroar den allmenne orden eller ferdsel.

Den som ferdast på eller like attmed offentlig stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og 06.00.

Dersom mange menneske samlar seg ved inngangen til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, haldeplass e.l., skal dei rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsla.

### **§ 2-2. Køyning, camping mv. i parkar, grøntareal, friområde o.l.**

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping e.l. forbode, med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøyretøy, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden.

### **§ 2-3. Framvising og andre publikumsretta aktivitetar**

Den som på eller ut mot offentlig stad vil opptre eller utføre andre publikumsretta aktivitetar, må på førehand gje melding til politiet, uavhengig av om aktivitetane skjer ved bruk av høgtalar o.l.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentlig stad ynskjer å bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

### **§ 2-4. Farleg eller skremmande verksemd**

På, ut over eller like attmed offentlig stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen, under dette paintball, softgun, boge, sprettert o.l.

2. å brenne av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at politiet har gjeve løyve.
3. å kaste eller sleppe stein, snøball eller anna som kan vera til skade eller ulempe for dei som ferdast der.

## **Kapittel 3. Sikring av ferdsla**

### **§ 3-1. Hindringar**

På eller ut over offentleg stad er det forbode å plassere eller montere noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt o.l.

Markiser eller anna som heng utover fortau, skal på det lågaste vere minst 2,5 meter over bakken.

### **§ 3-2. Dyr**

Det er forbode å la husdyr gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

### **§ 3-3. Aktivitetar**

Politiet kan forby kvar einaste form for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad når dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den alminnelege orden.

### **§ 3-4. Ferdsle på islagt vatn eller sjø**

Politiet kan av tryggleiksgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdsla på islagt vatn eller sjø.

### **§ 3-5. Sperring av offentleg stad**

Krev byggjearbeid e.l. at fortau, gate, veg eller et anna offentleg stad blir heilt eller delvis sperra for eit avgrensa tidsrom, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet, som kan setje nærare vilkår.

### **§ 3-6. Byggjeverksemd mv.**

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggleikstiltak til vern for publikum.

### **§ 3-7. Sprengingsarbeid**

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særlege tryggleikstiltak.

### **§ 3-8. Vedlikehold av bygning mv.**

Ved vedlikehold av bygningar mv. på eller ut mot offentlig stad pliktar den ansvarlege for arbeidet med ein gong å setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

### **§ 3-9. Fare for ras frå tak**

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentlig stad, skal eigaren straks setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at ferdsla er forbunde med fare eller ulempe, og snarast syte for at taket blir rydda.

### **§ 3-10. Fjerning av sperrar**

Avsperringar, avvisarar, og liknande innretningar blir fjerna når det arbeid som er nemnt i § 3-6, § 3-7 og § 3-8 er utført, eller faren eller ulempe som er nemnt i § 3-9 ikkje lenger er til stades.

## **Kapittel 4. Reinhold på offentlig stad**

### **§ 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver**

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad pliktar å sørgje for reingjering av lys- og luftegraver som er i beinveges nærleik til eigedomen.

Reinholdet skal gjerast slik at det blir til minst mogleg ulempe.

Kloakksluk må ved reinhold ikkje tilførast oppsop e.l.

### **§ 4-2. Rydding av snø etter ras frå tak**

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad pliktar etter ras frå tak å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is.

### **§ 4-3. Avlaup for vatn**

Eigar av hus eller grunn mot offentlig stad skal sørgje for at avlaup for vatn i fortau, rennestein, grøft e.l. blir haldt open.

## **Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising**

### **§ 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising**

På, ut over eller i beinveges nærleik til offentleg stad er det forbode:

1. å kaste avfall, under dette glas, flasker, spikar, plast, papir, fruktskal, tyggjegummi og tobakksprodukt.
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel.
3. å hengje opp kunngjeringar, plakatar e.l. utan tillating frå politiet. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler e.l. som er godkjent av kommunen til slikt bruk.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere utandørs i tettbygd strøk eller på stader der det kan verke sjenerande på andre.

#### **§ 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.**

Den som driv med sal frå kiosk, uteservering gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørge for at området ikkje blir skjemt eller skitna til av verksemda, og pliktar å sørge for at det blir satt opp tilstrekkeleg tal med korgar for avfall. Rett etter stengt tid pliktar verksemda å rydde området og fjerne avfall som skyldast aktivitetar frå verksemda.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal sørge for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet.

## **Kapittel 6. Offentlege anlegg**

#### **§ 6-1. Kyrkjegard og gravplass**

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besøk.

## **Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad**

#### **§ 7-1. Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad**

Den som på offentleg stad vil lage til arrangement som hovudsakleg er av underhaldande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, òg som har ein storleik som vil føre til behov for omfattande reguleringar av ferdsla eller vakthald, må søkja om dette innan ein frist som politiet set.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

### **§ 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement**

Den som vil halde eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må seinast 4 veker før arrangementet sende melding til politiet, når arrangementets art eller storleik gjer det sannsynleg at politioppsyn blir naudsynt av omsyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Dette gjeld også når arrangementet ikkje skjer på offentleg stad.

Meldeplikta gjeld òg samankomst eller tilstelling som hovudsakleg er av er av selskapeleg eller underhaldande art for medlem av ei foreining e.l. samanslutning.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

### **§ 7-3. Offentleg arrangement som barn har tilgang til**

Barn under 15 år har ikkje åtgang til offentleg allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er i følge med foreldre eller andre føresette.

Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangerast spesielt for barn og unge under 18 år.

## **Kapittel 9. Ymse føresegner**

### **§ 9-1. Forsøming av plikt**

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtektene eller etter pålegg gjeve med heimel i denne, kan politiet la det utførast på vedkomandes kostnad.

### **§ 9-2. Straff**

Brot på føresegner gjevne i vedtekta eller pålegg gjeve i medhald av vedtekta, straffast etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under eit strengare straffepåbod.

### **§ 9-3. Iverksetjing**

Denne vedtekt trer i kraft 1 månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Frå same tid opphevast forskrift FOR-2018-09-17-1331 om politivedtekt for Fjell kommune, Hordaland, og forskrift FOR-1990-06-18-508 om politivedtekt for Sund kommune, Hordaland.